

# Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtedato: onsdag 29. september 2010 kl. 12.15

Stad: seminarrom 401, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Margareth Hagen, Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Margery Vibe Skagen.

Frå gruppe B: Svenn-Arve Myklebost.

Frå gruppe C: Jan A. Johansen.

Frå gruppe D: Helen Myrdahl, Kjersti Monen Berge og Claudia Förster Hegrenæs.

*Dersom nokon av representantane over ikkje kan møta, må dei sjølve be vararepresentanten om å stilla i staden.*

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 16. juni 2010**

Det har ikkje kome merknader til referatet (vedlegg 1).

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Val av nye instituttrådsmedlemar frå gruppe B og D (vedlegg 2)
- B. Tildeling av støtte frå Bergens forskningsstiftelse til prosjektet *Modernism & Christianity* (Sjå artikkel i På Høyden, <http://link.uib.no/?3grah>, og dessutan sak 5 frå instituttrådsmøtet 24. februar 2010)
- C. Utlysing og tilsetjing i stillingar etter vedtak i fakultetsstyret 14.9.2010: engelsk, japansk, russisk, spansk språk og latinamerikastudium, fagdidaktikk, prosjektet *Modernism & Christianity* (vedlegg 3).
- D. Om presentasjonen av språkfaga på eksternweben (vedlegg 4, sjå òg sak 6 frå instituttrådet 5. mai 2010)
- E. Orientering om fakultetskonferansen på Voss 27. og 28. september 2010
- F. Evaluering av instituttsamanslåinga ved HF

## **Sak 4 – Orientering om økonomien ved instituttet**

Sjå vedlegg 6 (blir ettersendt) om rekneskap pr september 2010, overføring av midlar til 2011, arbeidet med ny budsjettmodell for HF og framtida for påskjøningsmidlane.

*Framlegg til vedtak: Rådet tek orienteringa om rekneskapen ved instituttet pr september 2009 til orientering. Instituttleiinga arbeider vidare med spørsmålet om framtida for påskjøningsmidlane for master- og PhD-studentar.*

## **Sak 5 – Høyring om framtida for Senter for mellomalderstudiar (CMS)**

Saka vart sendt ut til instituttet med e-post 24. juni 2010 med tittelen "Middelalderforskningens fremtid etter 2012", og påminning vart sendt ut 16. september. Utkast til høyringsfråsegn frå instituttleiar følgjer som vedlegg (vedlegg 5).

*Framlegg til vedtak: Rådet sluttar seg til utkastet frå instituttleiar til høyringsfråsegn om CMS.*

## **Sak 6 - Ymse**

Leiv Egil Breivik,  
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
administrasjonssjef

# Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er sendt ut til alle som deltok på instituttrådsmøtet, og eventuelle merknader må sendast [arve.uthaug@if.uib.no](mailto:arve.uthaug@if.uib.no) seinast 2. juli 2010.

Møtedato: 16. juni 2010

Frammøtte:

Frå gruppe A: Leiv Egil Breivik, Kjetil B. Henjum, Randi Koppen, Kevin McCafferty, Synnøve O. Rosales, Margery Vibe Skagen

Frå gruppe B: Lidun Hareide

Frå gruppe C: Jan A. Johansen

Frå gruppe D: Solveig Hjelleset

## **Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste**

Det vart meldt to ymsesaker. Elles ingen merknader til innkallinga og saklista.

## **Sak 2 – godkjenning av referatet frå 5. mai 2010**

Referatet under sak 4 om fagdimensjonering frå rådsmøtet 5. mai 2010 skal korrigierast. Det er korrekt at det vart røysta særskilt over avsnittet om tysk under ”4. budsjettmessige konsekvensar”, og at sju av medlemmane i rådet støtta framlegget om reduksjon i to stillingar på tysk, medan to av medlemmane røysta imot. Det er derimot ikkje korrekt at sluttvedtaket i saka var samrøystes. Teksten om sluttvedtaket skal vera slik:

*Vedtak (med åtte mot éi røyst): Rådet vedtek framlegget frå instituttleiinga til innstilling om fagdimensjonering og fagstrategi ved Det humanistiske fakultetet med dei endringane som kom fram under diskusjonen i møtet.*

## **Sak 3 – orienteringssaker**

- A. Gail Ramsay, som er tilsett som professor på arabisk, tek til i stillinga frå årsskiftet.
- B. Søknaden om støtte til prosjektet *Modernism and Christianity* ved Erik Tonning er sendt inn til andre og avgjerande runde hjå Bergens forskningsstiftelse. Prosjektet er planlagt for perioden våren 2011-hausten 2014, og det samla budsjettet er på knapt elleve millionar kroner. Tonning kjem til Bergen og presenterer prosjektet sitt tidleg i september.

## **Sak 4 – Orientering om økonomien ved instituttet og budsjettinnspel til fakultetet**

Uthaug gav ei kort orientering med utgangspunkt i sparetiltaka som vart vedtekne på rådsmøtet 24. februar. Av dei skisserte tiltaka for 2010 er (A), (B), (C), (D), (E), (F) og (G) heilt eller stort sett gjennomførte frå og med vårsemesteret. Tiltak (H) om bibliotek for undervisningsbøker er det ikkje gjort noko med. Når det gjeld dei meir langsiktige tiltaka som vart skisserte for seinare drøfting, er ikkje desse så aktuelle lenger: (a) om balanse mellom innleigde lærarar og tilførte midlar til føremålet prøver vi allereie å følgja opp så godt det let seg gjera, (b) om bruken av instituttdelen av påskjøningsmidlane vil bli lagt fram til drøfting dersom det blir aktuelt, og (c) om fjerdeår for stipendiatar blir avgjort på fakultetsnivået og pliktåret vil ikkje bli ført på instituttbudsjettet.

Det blir lagt fram eit halvtårsoversyn over forbruket med instituttet på rådsmøtet i starten av september.

Møtet drøfta utkastet til brevet ”Budsjett 2011 – innspel frå Institutt for framandspråk”. Samandraget i innleiinga av brevet vil bli supplert med meir omtale av undervisningsfeltet. I omtalen av stillingar bør ein streka under prinsippet om at det er viktig å ta vare på fagbreidda. I omtalen av

undervisningsporteføljen vert ordet ”meny” bytta ut med ”studietilbod”. Instituttleiinga får dessutan fullmakt til å fylla ut punkt 4 om BOA. Instituttrådet slutta seg til framlegget til budsjettbrev med dei endringane er nemnde her.

#### **Sak 5 – Ny budsjettmodell for fakultetet**

Instituttleiar og administrasjonssjef har fått presentert ei skisse til ny budsjettmodell for fakultetet. Skissa er førebels, og fakultetsleiinga strekar under at dei ønskjer synspunkt og innspel. Saka om ny budsjettmodell vert lagt fram til vedtak i fakultetsstyret i haustsemesteret. Den skisserte modellen for *tildeling av vitskaplege stillingar* må oppfattast som eit råd, der spørsmålet om tilsetjing framleis vil vera ei politisk avgjerd i fakultetsstyret. Det er likevel grunn til å merka seg at den modellen som er tilrådd frå fakultetsleiinga, vil få ganske store konsekvensar for stillingstalet på dei ulike faga ved IF. Vidare foreslår fakultetsleiinga ny fordeling av *instituttbudsjetta*, der alle midlane blir fordelte etter resultat, men då etter resultat på fleire ulike område (studiepoeng, disputasar, publikasjonar og eventuelt studentutveksling).

#### **Sak 6 – Orientering om arbeidet med ny strategiplan for instituttet**

Den gamle strategiplanen varer ut 2010, og instituttet startar ein prosess med å laga ny strategiplan hausten 2010.

#### **Sak 7 - Ymse**

- A. Skagen tok opp faren enkelte av faga våre ser ut til å stå i, der det har vore tale om utfasing og liknande. Ho streka under at det er viktig å ta vare på fag som har ein allmenndannande dimensjon, og det bør vernast om fagbreidda.
- B. Hausten 2010 er det sett opp instituttråd 1. september, 20. oktober og 8. desember.

Leiv Egil Breivik,  
Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,  
Administrasjonssjef

## **Valgresultat for instituttrådet ved Institutt for fremmedspråk**

### **Gruppe A**

#### **Representanter (valgt tidligere):**

Margareth Hagen  
Kjetil B. Henjum  
Randi Koppen  
Kevin McCafferty  
Margery Vibe Skagen

#### **Vara:**

1. Synnøve Ones Rosales
2. Benedicte Irgens
3. Kari Haugland
4. Ludmila Torlakova
5. Lene Johannessen

### **Gruppe B**

#### **Representant (valgt høsten 2010):**

Espen Ingebrigtsen

#### **Vara:**

1. Bo Byrkjeland
2. Svenn-Arve Myklebost

### **Gruppe C**

#### **Representant (valgt tidligere):**

Jan Johansen

#### **Vara:**

1. Siri Fredrikson
2. Anne Hestnes

### **Gruppe D**

#### **Representanter (valgt høsten 2010):**

Helene Margretha Myrdahl  
Kjersti Monen Berge  
Claudia Förster Hegrenæs

#### **Vara:**

1. Terje Høydalsvik
2. Charlotte Sognnæs
3. Nicklas Eriksson

Ved utregning av endelig valgresultat er det tatt hensyn til at hvert kjønn skal være representert med minst 40 % blant dem som velges.

Senter for mellomalderstudium (CMS) sluttar som SFF 31. desember 2012 etter ein funksjonsperiode på ti år. I brev av 15.06.2010 seier dekanen at "[d]et er behov for å starte en prosess med tanke på hvordan middelalderforskningen skal videreføres ved fakultetet og Universitetet i Bergen når denne perioden opphører." Han bed om innspel til dette, med utgangspunkt i eit vedlagt notat frå CMS.

I denne høyringsfråsegna vil vi kome med nokre prinsipielle synspunkt på SFF-ordninga og korleis mellomalderforskinga ved UiB skal vidareførast etter finansieringsperioden.

CMS sin faglege profil har vore perifer i høve til primærverksemdene ved IF. Det har vore lite kontakt mellom instituttet og senteret, som heller ikkje har rekruttert nokon frå faga våre. Likevel er denne saka viktig for IF. Etter det vi forstår, skal fakultetet utarbeide ein forskingsplan i nærmaste framtid. Det er derfor allereie no av stor interesse for alle miljø ved fakultetet kva område som vert prioriterte og kva prinsipp som vert lagde til grunn for ei slik prioritering. Fakultetet har ikkje bestemt at mellomalderforsking skal vere eit prioritert satsingsområde framfor andre forskingsfelt. Dette må eventuelt kome som ein konklusjon av ein gjennomarbeidd forskingsstrategi.

Den norske ordninga med SFF skal fremje grunnleggjande forskning på høgt internasjonalt nivå ved hjelp av romsleg, langsiktig finansiering, samt styrkje internasjonalisering og forskarutdanning. NIFU Step har gjennomført ei evaluering av SFF-ordninga på oppdrag av NFR. Evalueringsrapporten vart publisert 13.09.2010 og konkluderer med at ordninga stort sett har vore vellukka (jf. *Evaluation of Added Value and Financial Aspects. The Norwegian Centre of Excellence Scheme*). Særleg har ordninga lukkast i å fremje forskarrekuttering og i å forsterke internasjonaliseringa av norsk forskning. Ho har òg medverka til meir nasjonalt og internasjonalt samarbeid. CMS sitt notat peikar på at dette er område der senteret har lukkast.

Det er viktig å ha denne evalueringsrapporten som bakteppe når ein diskuterer CMS. Minst like viktig er det å hugse på at CMS og dei andre sentra innanfor denne ordninga vart oppretta for ein tidsavgrensa periode. Dette har heile tida vore ein føresetnad. NFR har frå dag éin presisert at vertsinstitusjonane skal ta ansvaret for verksemda ved sentra når SFF-perioden er over. Dette inneber ikkje at vertsinstitusjonane har plikt til å syte for at sentra skal halde fram med å eksistere qua senter. Vi meiner derfor at det ikkje er grunnlag fort å snakke om "utformingen av CMS' fremtidige profil" og "CMS både før og etter 2012" (CMS sitt notat, s. 3). Etter 2012 vil den eksterne finansieringa av CMS falle bort. Dersom HF skulle bidra til finansieringa av CMS etter 2012, ville dette ramme den øvrige forskingsaktiviteten ved fakultetet på ein uheldig måte. Det finst dessutan forskingsmiljø ved fakultetet som er like sterke og internasjonalt profilerte som CMS, trass i tilførsel av langt mindre ressursar. I denne samanhengen er det òg verdt å merke seg at evalueringsrapporten om SFF rår til at det ikkje vert kravd økonomisk støtte frå vertsinstitusjonane utover SFF-perioden (s. 14):

Host institutions' priorities and willingness to support CoEs are vital to their success. When selecting CoEs, the expected lasting values of the centres should be part of the assessments: host commitments to allocating internal resources after the CoE period should not be required.

Korleis verdifull kompetanse og forskning skal takast vare på etter SFF-perioden er sjølv sagt eit viktig spørsmål. Etter vårt syn er den beste løysinga å integrere mellomalderforskinga i den ordinære drifta ved fakultetet, på linje med anna forskning. Dette kan gjerast ved å danne nye forskargrupper eller å bruke forskargrupper som alt er etablerte. Dei faste vitskaplege stillingane ved CMS bør førast tilbake til fagmiljøa og få vanleg undervisningsplikt. Vi

meiner at det generelt er lite tilrådeleg at SFF skal vidareførast som frie senter etter avslutta periode. Når det gjeld CMS ville ei slik vidareføring vere spesielt uheldig.